
Saksnr: 2021/6071-17
Saksbehandlar: Simen Lagesen Krogstie
Dato: 07.10.2021

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering

UKM Vestland digital fylkesfestival

På grunn av pandemien valde vi ei digital løysing for fylkesfestivalen UKM (Ung kultur møtest) i 2021, jf. RS 12/2021. Ungdomane har delteke innan musikk, dans, kunst, film, media og som teknikarar, artistvertar og reportarar. UKM si e-sport-satsing Norcup har vore ein del av festivalen. Digital fylkesfestival UKM er formidla på <https://tv.ukm.no/> i tida mellom 1. og 11. november 2021.

Arbeidet med den digitale festivalen har vore delt inn i fire fasar: planlegging, opptak, post-produksjon og formidling. Ungdom har medverka gjennom heile prosessen.

Planleggingsfasen har handla om budsjett, ressursar, samarbeidspartnarar og digital løysing. Løysingsforslaga vart drøfta i UKM Norge-nettverket nasjonalt, med lokalkontaktar i alle kommunane i fylket, Ungdom og fritid Vestland, med UKM-ungdom, og med Vestland ungdomsutval i møta 19. mars og 22. oktober.

Det vart organisert anbuds konkurranse på oppdrag som prosjektkoordinator og omreisande videoproduksjon. Bergen Live vann begge desse. Samtidig vart det i samarbeid med alle vidaregåande skular med medielinje i fylket oppretta ei responsgruppe og medieredaksjon bestående av elevar. Desse arbeidde med løysing for sosial møteplass, kontakt med lokal presse, klipping av videoproduksjonar, SoMe m.m.

Det har vore omfattande kontakt mellom prosjektleiari, prosjektkoordinator, videoproduksjon, kommunekontaktar, Unge arrangørar og lokale scener for å finne tidspunkt, stad, ressursar og logistikk-løysingar for digitalisering av eit mangfald av kunst -og kulturuttrykk. Resultatet vart ei «HUB»-løysing med digitalisering på Operahuset Nordfjordeid, Årdal kulturhus, Førdehuset, Sardinien USF Verftet, og innsamling av opptak frå Voss kulturhus, Sæbø barneskule i Alver m.fl.

Opptak av sceneinnslag og bakomfilming skjedde i juni og august. Den omreisande videoproduksjonen har vore rundt på «HUB»'ar i fylket der ungdom frå fleire kommunar har hatt same opptaksdag og scene, nokon som artistar, nokon som teknikarar (Unge Arrangørar). Fylkeskommunen har som smittevernansvarleg sytt for at nasjonale og lokale retningslinjer vart følgde.

Postproduksjonsfasen har bestått av klipping av scene/bakomfilm i eit samarbeid mellom Bergen Live og medie-elevar ved Bergen Private Gymnas, digitalisering og innsamling av kunst og film, sette saman sendingar til strøyming på UKM-TV i eit samarbeid med prosjektleiari og medie-elevar ved Hafstad VGS, og promotere i eit samarbeid med fylkeskommunen si kommunikasjonsavdeling og UKM medieredaksjon.

Formidlinga skjer i all hovudsak på UKM-TV. Den sosiale møteplassen vert på Discord, ei digital distribusjons- og kommunikasjonsplattform (tekst, bilde, audio og video) designet for gaming-fellesskap.

Sendeskjema (sceneinnslag, kunst, film):

01.11.2021 kl. 19.00 - 20.00: Operahuset Nordfjord (deltakarer frå Kinn, Bremanger, Stad og Stryn)

02.11.2021 kl. 19.00 - 20.00: Årdal kulturhus (deltakarer frå Årdal, Sogndal, Luster og Vik)

03.11.2021 kl. 19.00 - 20.00: Førdehuset (deltakarer frå Sunnfjord, Høyanger, Hyllestad, Fjaler og Askvoll)

04.11.2021 kl. 19.00 - 20.00: Sardinene USF Verftet (deltakarer frå Bergen, Samnanger og Austevoll)

08.11.2021 kl. 19.00 - 20.00: UKM Nordhordaland (deltakarer frå Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden)

09.11.2021 kl. 19.00 - 20.00: Voss kulturhus (deltakarer frå Vossherad, Ulvik og Eidfjord)

10.11.2021 kl. 19.00 - 20.00: Samlesending (deltakarer frå Øygarden, Askøy, Gulen, og Etne)